



Stad kommune

NYTT frå Stad kommune / 18. sept 2020

Til tilsette i Stad kommune

OPPFØLGING AV SMITTEVERN I KOMMUNEORGANISASJONEN

Den siste tida har vi sett ein auke i smittetala for covid-19 i Norge med mange lokale utbrot. Vi har også nettopp hatt døme på at covid-19-smitte finn vegen hit til Stad gjennom at folk flyttar seg mellom lokalmiljø. Det er difor viktig at alle i samfunnet vårt framleis held seg heime når dei er sjuke, har god handhygiene og held minst 1 meters avstand til kvarandre. Om ikkje dei grunnleggande smitteverntiltaka heile tida vert følgde, vil enkelttilfelle av smitte kunne bli til lokale utbrot. Om vi i ein slik situasjon får smitte inn i personalgruppa i kommunen, vil vi på grunn av karantenereglane kunne få store problem med å yte dei tenestene vi skal til innbyggjarane våre.

For å sikre drifta i kommuneorganisasjonen vil eg igjen minne om kor stor avstand vi bør halde til kvarandre i kvardagen.

- Alle tilsette i Stad kommune bør **til ei kvar tid halde 1 meters avstand til andre tilsette** for å redusere risiko for smitte og unngå at for mange må i karantene om ein av oss får påvist covid-19.
- Personalet innanfor kvar teneste må aldri tenkast på som ein kohort som kan fråvike avstandsreglane i kontakten med kvarandre – tvert imot er det svært viktig at vi unngår situasjonar der éin smitta person kan føre til at store deler av personalgruppa i ei teneste må i karantene. Avstand er spesielt viktig når mange møtast.
- 1-metersregelen skal generelt berre fråvikast i situasjonar der det er heilt nødvendig for å yte tenester til brukarane våre.

Etter sommaren har karantenereglane blitt stramma inn igjen, og no er det slik at **alle nærkontaktar til covid-19-smitta må i karantene og vere borte frå arbeidsplassen i 10 dagar.**

Du vert definert som nærkontakt om du har hatt kontakt med ein person med påvist Covid-19 på følgande måtar innanfor dei siste 48 timane før personen fekk symptom:

- Innandørs: Mindre enn 2 meters avstand i meir enn 15 minutt samanhengande med ein person som er bekrefte sjuk med covid-19.
- Ute: Mindre enn 2 meters avstand i meir enn 15 minutt samanhengande, ansikt til ansikt, med ein person som er bekrefte sjuk med covid-19.
- Har hatt direkte fysisk kontakt (for eksempel ved handhelsing) med ein som er bekrefte sjuk med covid-19.

Ved å halde minst 1 meters avstand til kvarandre i arbeidskvardagen i alle dei situasjonar det let seg gjere, sikrar vi at drifta vert minst mogleg påverka av karantene ved påvist smitte i organisasjonen. Med dette sikrar vi at vi i størst mogleg grad kan oppretthalde tenestene våre i ei tid der dette er svært viktig for innbyggjarane.



THOMAS VINGEN VEELD
KOMMUNEOVERLEGE STAD KOMMUNE